

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2020

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2020*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2019. Skatteutjamninga er òg ein del av rammetilskotet. Denne skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2020 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2021 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså derfor klart i februar 2021.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2019. Satsane for 2019 er justerte opp med anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2020. Satsen for Troms og Finnmark fylkeskommune er justert slik at den nye fylkeskommunen får om lag det same i Nord-Noreg-tilskot som dei tidlegare fylkeskommunane elles ville fått kvar for seg.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 264
Troms og Finnmark	1 603

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser fordelinga av skjønstilskotet til fylkeskommunane for 2020. Departementet føreslår å fordele 332 mill. kroner i ei basisramme til fylkeskommunane. Departementet føreslår vidare å halde tilbake 50 mill. kroner innanfor skjønstilskotet til fylkeskommunane til ekstraordinære hendingar o.a. i løpet av budsjettåret (reservepott). Sjå Prop 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein meir utførleg omtale av skjønstilskotet.

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2020

Sum av kolonnane 1–3.